

KONFIRMANT I BØ

–noko å vekse på–

Informasjon for konfirmantar og føresette

Påmelding og informasjonsmøte

Påmelding til konfirmantåret 18/19 skjer på www.bokyrkje.no

Det er flott om dei som ønskjer konfirmasjon i Bø kyrkje kan melde seg på så snart som råd, slik at vi får ei god oversikt.

NB! Ver nøye med at e-postadressa de skriv inn er korrekt, då mykje informasjon sendast ut via e-post.

Onsdag 4. april kl.17.30 blir det informasjonsmøte i Bø kyrkje for konfirmantar og føresette.

Konfirmasjon

Å vere konfirmant i Den norske kyrkja handlar om å vekse og modnast som menneske, i tru og liv. Gjennom konfirmasjonsåret skal du lære om den kristne trua, og du får moglegheit til å tenkje over kva du trur på og kva for førebilete du ønskjer å leve etter. I kyrkja er det rom for heile deg – di tru og din tvil, tankar og erfaringar.

Vi trur at du som konfirmant i Bø kyrkje vil få oppleve eit spennande år med mykje moro, godt fellesskap og nyttig læring for livet og trua.



Konfirmantåret i Bø kyrkjelyd inneheld mellom anna konfirmantleir, samlingar i Bø kyrkje med undervisning og samtale, innsamlingsaksjon, gudstenester og andre arrangement.

Hovudansvarleg for konfirmantarbeidet er kapellan Kristian Gotehus Køhn. Sokneprest Axel Jørgen Bugge er også aktivt med i arbeidet. Elles vil de og møte andre kyrkjelege medarbeidarar.

Velkommen som konfirmant 2019, vi gler oss til å bli kjent med deg!

Diverse informasjon

Dåp

For å delta på den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta i mai, må ein vere døypt. Men det er ikkje noko krav om dåp for å delta på konfirmasjonsopplegget. Det betyr at ein kan bli med, og ta stilling til dåp etter kvart.

Undervisning

Undervisninga vil normalt halde stad i Bø kyrkje, og nokre gonger på Bø bedehus. Undervisninga er etter skuletid kl.14- 16, og byrjar med eit enkelt måltid. Konfirmantane går anten onsdag eller torsdag. De vil få ein meir utfyllande vekeplan når konfirmasjonsåret nærmar seg.

Konf.Kick-off!

Alle som vurderer å melde seg på som konfirmant i Bø kyrkje er velkomen til **Konf.kick-off!** i Seljord laurdag 21.april, kl.18-22.30. For meir info sjå www.ønsketogelsket.no

Konfirmantleir – «Ønsket og Elsket»

Konfirmantane i Bø skal vere med på konfirmantleir på Gjennestad i Vestfold i veke 32; **6.-11.august 2018 (NB! Merk datoen!)**. Dette er ein felles leir saman med fleire av kyrkjelydane i Øvre Telemark prosti. Leiren er ein viktig del av konfirmantopplegget, og vi håpar at



alle kan bli med på denne. Nærare presentasjon av leiren kjem på informasjonsmøtet.

NB! Det blir og utarbeida eit alternativt opplegg til leir, der ein må halde av nokre helgar gjennom året.

Økonomi

Den norske kyrkja er plikta å tilby ei kostnadsfri konfirmasjonsførebuing. Men som dei fleste andre kyrkjelydar ønskjer vi i Bø å leggje til rette for ei meir variert førebuingstid med mellom anna konfirmantleir. Eigenandelen for leir og andre utgifter er 2.900 kroner. Å vere med på leir er i prinsippet frivillig, men vi ønskjer sterkt at alle konfirmantane deltek på dette. Dersom nokon skulle ha behov for økonomisk hjelp til avgifta, så har kyrkjelyden ei givarteneste som kan bidra i enkelte tilfelle. Ta kontakt med ein av prestane dersom dette skulle vere aktuelt - det vil bli behandla konfidensielt. Frå kyrkjelyden får kvar konfirmant ein konfirmantbibel og brødmatt før undervisninga. Kyrkjelyden sponsar også konfirmasjonsopplegget mellom anna ved ofringar i kyrkja.

Tenestesøndagar

Kvar konfirmant skal ha tenesteoppgåver på to gudstenester: Ein om hausten og ein om våren. Konfirmantane får enkle oppgåver i gudstenesta.

Valfrie gudstenester

I tillegg til dei fastlagde gudstenestene og dei to tenestesøndagane, skal konfirmantane også delta på nokre valfrie gudstenester i løpet av året. Konfirmantane kan sjølv velje når dei skal gå på desse. I kyrkja finn de eit skjema til å fylle ut når de er på ei valfri gudsteneste. Det er fint om familiane blir med på desse og på dei andre gudstenestene i konfirmasjonstida.

Innsamlingar

Vi har innsamlingsaksjon før påske til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Dette er ein landsomfattande "dør-til-dør"-aksjon, som konfirmantar frå heile landet er med på.

Viktige datoer

Informasjonsmøte: **4. april kl.17.30**

Konf.Kick-off: **21.april**

Konfirmantleir: **6.-11.august**

Presentasjonsgudsteneste i Bø kyrkje: **2. september kl. 11**

Samtalegudst. og konfirmantfest m/føresette: **19. mai kl. 11, 2019**

Konfirmasjonsgudst. i Bø kyrkje: **25. og 26. mai, 2019**

Vi tek atterhald om endringar i programmet, men gjev i så fall beskjed i god tid.

Beste helsing;

| | |
|--|--|
| Kristian Gotehus Køhn, kapellan E-post: kristian@bokyrkje.no Mobil: 900 74 770 | Axel Jørgen Bugge, sokneprest E-post: axel@bokyrkje.no Mobil: 454 77 020 |
|--|--|

Bø kyrkjekontor: 35 06 10 40